

**- Det kom inn nesten 190.000 til Aksjon Håp i Kvinnherad og det er ein sum alle i kommunen kan vera både stolte og takksame for å kunne gje frå seg, i all vår overflod og privilegerte velstand, skriv komiteleiar Arne Gjellan.**

Bøsseinnsamlinga åleine gav 184.206 kroner. I tillegg er det gjeve offergåver i tre sokn i indre luten på til saman 4.707 kroner. Berre under julekonserten i Uskedalen kyrkje kom det inn 3.580 kroner. Bygdene i indre luten (Mauranger, Rosendal, Omvikdalen og Uskedalen), Ølve, Hatlestrand, Åkra og Matre samla inn 86.006 kroner. Her trassa 46 bøsseberarar vind og ver i det godes teneste og gjorede ein heilt eineståande innsats, skriv Gjellan i ei pressemelding.